

Bacheloroppgåve BLUBA

Teikn-til-tale

- I kommunikasjon med dei yngste barna

Ein kvalitativ studie om barnehagelærarar sine erfaringar frå kvardagen

Anette Driveklepp Aam

Barnehagelærerutdanning

2022

Tal ord:10909



HØGSKULEN
I VOLDA

**Det eg høyrer,
det gløymer eg.**

**Det eg ser,
det hugsar eg.**

**Det eg gjer,
det forstår eg.**

«Confucius – kinesisk filosof og lærer»

Forord

Å jobbe med denne oppgåva har vore ein spennande prosess der eg har lært mykje om temaet teikn-til-tale. Gjennom mine undersøkingar har eg funne ut at her er fleire bøker på veg rundt temaet, og eg gleda meg til å følgje med på tematikken vidare.

Fleire av kjeldene mine oppgir at dei møter mange som har lite kunnskap kring teikn-til-tale, og at det er nesten uoverkommeleg å skulle lære seg å bruke teikn i kvardagen. Med bakgrunn i resultatata i undersøkinga mi, og kor mange barn som har nytte av teikn-til-tale støttar eg meg til Suhr og Rognlid (2009, s. 8) som meina pedagogiske utdanningsinstitusjonar, som for eksempel barnehagelærerutdanninga, bør få større fokus på bruk av teikn-til-tale. Dette kan vere med å bryte barriere og skape ei heilskapleg språkutvikling for alle barna.

Takk til informantar som stilte til intervju og gjorde det mogleg for meg å forske på temaet mitt. Takk til praksislærar som var fleksibel med arbeidstider slik at eg fekk gjennomført intervju. Takk til rettleiar for nyttige tilbakemeldingar. Takk til medstudentar for støtte undervegs i studiet, og for gode samtalar og råd. Takk til mine foreldre som har latt meg jobbe uforstyrret, og passa på at eg fekk i meg næring i tøffe periodar. Takk til mann og barn for tålmod og støtte gjennom tre års utdanning. Ein spesiell stor takk til mi gode venninne, som tok seg tid i ein hektisk kvardag, til å gi meg nyttige tips og tilbakemeldingar til oppgåva.

Volda, mai 2022

Innholdsliste

1.	Innleiing.....	5
1.1	Tema og bakgrunn for val av tema.....	5
1.2	Formål og problemstilling	5
1.3	Nøkkelomgrep	5
1.4	Avgrensingar	6
1.5	Oppbygging av oppgåva	6
2.	Kunnskapsgrunnlag	7
2.1	Styringsdokument.....	7
2.2	Dei yngste barna	7
2.3	Kommunikasjon.....	8
2.4	Teikn-til-tale.....	9
2.5	Babyteikn.....	9
2.6	Alternativ supplerande kommunikasjon	10
2.7	Samspel leik	10
2.8	Internasjonal forskning	11
2.9	Undersøking i barnehagar i Noreg	11
3.	Metodisk tilnærming	13
3.1	Kvalitativt Intervju	13
3.2	Val av informantar	14
3.2	Datainnsamling.....	15
3.3	Analysemåte.....	16
3.4	Validitet og reliabilitet	17
3.5	Etiske utfordringar	18
4.	Presentasjon av datamateriale.....	20
4.1	Presentasjon av informantar.....	20
4.2	Personalets kommunikasjon med teikn-til-tale	21
4.3	Barnas kommunikasjon med teikn-til-tale	22
4.4	Positive erfaringar ved bruk av teikn-til-tale.....	23
4.5	Negative erfaringar ved bruk av teikn-til-tale	25
5.	Drøfting	26
5.1	Presentasjon av informantar.....	26
5.2	Personalets kommunikasjon med teikn-til-tale	26
5.3	Barnas kommunikasjon med teikn-til-tale.....	28

5.4 Positive erfaringar ved bruk av teikn-til-tale.....	30
5.5 Negative erfaringar ved bruk av teikn-til-tale	31
6. Avslutning	33
7. Litteraturliste	35
8. Vedlegg.....	37
Vedlegg 1: E-post presentasjon til informantar.....	37
Vedlegg 2: Informasjon og samtykkeskjema	38
Vedlegg 3: Intervjuguide.....	41
Vedlegg 4: Analyseskjema	43

Samandrag

Tema for denne undersøkinga er teikn-til-tale. Teikn-til-tale blir ofte presentert som eit spesialpedagogisk verktøy retta mot enkeltbarn, medan denne studien rettar fokuset på heile barnegruppa. Undersøkinga er avgrensa til dei yngste barna som har lite utvikla verbalspråk. Problemstillinga for studien er: *Kva erfaringar har barnehagelærarar med teikn-til-tale i kommunikasjon med dei yngste barna i barnehagen?*

Teikn-til-tale retta mot dei yngste barna i barnehage er eit tema det finnast lite forskning og litteratur på. I denne studien er det difor brukt amerikansk forskning frå 1989 (Matovich-Noddeland & Noddeland, 2017), og ei undersøking frå barnehagar på vestlandet frå 2019 (Torbjørnsen, 2020). Oppgåva er bygd på Løkken (2004, 2005) sin litteratur om dei yngste barna sin veremåte og Merleau-Ponty sine møter mellom livsverdener (Johansson, 2013). Vedeler (2007) sin litteratur om tidleg samspel leik, Suhr og Rognlid (2009) sin publikasjon gjennom Statped, boka «Babytegn» av Matovich-Noddeland og Noddeland (2017), og Andresen si bok om ASK og heilskapleg språkutvikling (2021), har vore viktige kjelder i arbeidet.

Datamateriell har vorte innsamla gjennom fire kvalitative intervju: Tre digitale personlege intervju, og eit personleg e-postintervju. Resultata viser at informantane har ulik bakgrunn for å bruke teikn til barna, men alle ser nytta av bruken, og seier det er ei god hjelp i det pedagogiske arbeidet. Dei kvalitative intervjuar syner også at dei kroppslege toddlerane, dei yngste som er veldig fysiske i kommunikasjonsveremåten sin, får brukt fleire sansar og kommunisert på sin særeigne måte. Ved å støtte verbalspråket med ei kommunikasjonsform som ligg nærare barna sin sosiale omgang, utviklar barna tidleg meistring i kommunikasjonen, og dei får tidleg god språkforståing. Teikn-til-tale forsterkar kommunikasjonen og påverkar relasjonen mellom barna og dei vaksne ved at dei blir meir tilstades for kvarandre. Beskjedar blir tydelegare og meir konkrete. Det forsterkar verbalspråket, bygg ei meir heilskapleg språkutvikling, og barna får tidlegare moglegheiter for å uttrykke sine synspunkt og gjere seg forstått.

1. Innleiing

1.1 Tema og bakgrunn for val av tema

I rammeplanen for barnehagar (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 48) står det at personalet skal «skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre». Eg opplever at det ofte kan vere vanskeleg å skape eit språkmiljø for dei yngste barna der dei opplever glede og kan kommunisere med andre. Eg har dermed stilt meg spørsmålet om teikn-til-tale kan vere ei støtte i dette arbeidet. Kan det vere lettare for dei yngste barna å kommunisere med andre om dei i tillegg til verbalspråket får kroppslige verktøy å formidle språket med?

Mine to siste praksisar i barnehagelærerutdanninga var på småbarnsavdeling. Eine avdelinga brukte teikn til songen «kua mi eg takkar deg», den andre brukte det ikkje. Eg såg tydeleg forskjell på kor engasjerte barna var. Den avdelinga som brukte teikn til songen var barna med å song og gjorde teikn. Den avdelinga som ikkje brukte teikn sat ungane å venta på maten og lytta. Det kan vere mange faktorar som spelte inn i kvifor det var slik. Denne oppgåva vil gå grundigare inn i temaet teikn-til-tale for å sjå om dette kan vere ein av faktorane til den store forskjellen eg merka meg.

1.2 Formål og problemstilling

Formålet med denne oppgåva er å setje søkelyset på bruken av teikn-til-tale i barnehagen: Kva erfaringar som er på feltet, korleis teikn påverkar kommunikasjonen i kvardagen, og korleis bruken av teikn påverkar barna. Eg har vore ute i barnehagefeltet og undersøkt kva erfaringar barnehagelærarar har med denne kommunikasjonsforma. Spørsmålet eg har undersøkt ut i frå er: *Kva erfaringar har barnehagelærarar med teikn-til-tale i kommunikasjon med dei yngste barna i barnehagen?*

1.3 Nøkkelomgrep

Nøkkelomgrepa i problemstillinga mi er *dei yngste barna*, *kommunikasjon* og *teikn-til-tale*. Med *dei yngste* meiner eg barn mellom 1-2 år som ofte er dei yngste barna i barnehagen. *Teikn-til-tale* er ein arbeidsmetode der man brukar kroppsspråk som støtte i tillegg til det verbale språket. *Kommunikasjon* er ei forbinding mellom menneske der ein deler noko med kvarandre, som til dømes tankar, kjensler, ord eller handlingar (Vedeler, 2007, s. 59).

1.4 Avgrensingar

Mange som tenker teikn-til-tale tenker at det er retta mot enkeltbarn, barn med spesielle behov eller høyrselshemma. Denne studien tek derimot for seg erfaringar rundt teikn-til-tale til ei heil barnegruppe, utan at det er retta mot enkeltbarn, og merksemda er retta mot dei yngste barna i barnehagen. Det verbale språket er veldig viktig å bruke i kommunikasjon med barna, og står sentralt også i bruken av teikn-til-tale. Tal ord i oppgåva gjer at oppgåva er avgrensa til teikn tematikken i omgrepet teikn-til-tale, og ikkje det verbale språket.

1.5 Oppbygging av oppgåva

Denne oppgåva er bygd opp i fire delar. Først vert kunnskapsgrunnlaget for undersøkinga presentert i kapittel 2, med styringsdokument, utdjuping av nøkkelomgrepa for oppgåva, relevante teoretiske perspektiv og undersøkingar opp mot problemområdet for oppgåva. Deretter kjem metodedelen i kapittel 3 med val av metode, informantar, datainnsamling, analysemåte, og kva validitet, reliabilitet og etiske utfordringar som har dukka opp gjennom studien. Vidare vert empirien i kapittel 4. Og til sist vert sentrale funn frå empirien drøfta i kapittel 5 opp mot styringsdokument, teoretiske perspektiv og forskning.

2. Kunnskapsgrunnlag

I denne delen vert kunnskapen og forkinga som ligg til grunn for undersøkinga presentert. Denne kunnskapen er grunnlaget for intervjuguiden og drøfting av funna i kapittel fem.

2.1 Styringsdokument

I FNs barnekonvensjon står det at alle barn har rett til å gi uttrykk for sine synspunkt, og at desse synspunkta blir lagt vekt på i samsvar med barnets alder og modnad (Forente nasjoner, 1989, artikkel 12). Korleis forstår vi uttrykka til dei yngste barna og korleis kan vi forstå og lytte til dei? I rammeplanen for barnehagar står at barnehagar skal vere bevisst på barnas ulike måtar å uttrykke seg på, og barna skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i barnehagens verksemd, og erfare å få innflyting på det som skjer (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27). Vi må difor legge til rette for kommunikasjon som er tilpassa dei yngste barna for å kunne gi dei moglegheit til å medverke. Barna må få uttrykke seg på sine måtar, og som personale må vi finne metodar for å forstå og fange opp barnas stemme. Vidare står det i rammeplanen at barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine, og personalet skal bruke varierte formidlingsformer og tilby eit mangfald av uttrykksformer (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 22, s. 49).

2.2 Dei yngste barna

For å beskrive dei yngste barna vil eg ta i bruk Løkken (2004, s. 16) sitt kjente omgrep «toddlaren», om barn i 1-2 års alderen, med sitt kroppslege særpreg og karakteristiske ganglag. Barn i denne alderen har eit unikt ganglag der dei «stabbar» av garde, og deira sosiale omgang utpregar seg som kroppsleg. Utgangspunktet for Løkken (2005, s. 28) sitt toddleromgrep er Merleau-Ponty sin fenomenologi, der ho gjennom fleire års forking har prøvd å sjå, og forstå, meininga og hensikta til toddlerane sin sosiale omgang i barnehagen. Løkken (2005, s. 34) seier alle kommuniserer med kroppsspråk anten dei vil eller ikkje, og vi må akseptere kroppsspråk som ei meningsfull handling på lik linje med orda sin tale. Når vi snakkar brukar vi kroppen, og det er meningsinnhaldet både i kroppsuttrykket og i talen som gjer kommunikasjon mogleg. Om vi ser på verbale ord og kroppsspråk som likeverdige i kommunikasjon, kan vi forsøke å forstå dei yngste barna på fleire meningsfulle måtar. Gjennom aktive og meningsøkande handlingar og rørsler

kommuniserer barna meningsfullt gjennom kroppen, og vi må akseptere deira måte å kommunisere på.

For å forstå dei yngste barna må vi nærme oss barna si livsverd og prøve å forstå at barnets kropp, ansiktsuttrykk, gestar og ord dannar ei heilheit (Johansson, 2013, s. 210). Johansson (2013, s. 210) viser til Merleau-Ponty sitt omgrep intersubjektivitet der barnehagelæraren strevar etter nærheit til barnas perspektiv for å skape møter mellom livsverdner. Ved å henvende oss til barna som personar med intensjonar, evner, behov og ønsker, kan vi ifølgje Johansson (2013, s. 210) sjå barna som meningskapande medmenneske, og prøve å forstå og ta omsyn til dei. Det kognitive, sanslege, kroppslege og emosjonelle utgjør ei heilheit som personale må involvere seg i med heile seg for å skape felles mening med barna. Gjennom å streve etter å forstå kva barna uttrykker og erfarer, gjennom kroppen og i handling, kan vi forstå barnas perspektiv. Når vi skaper slike møter kan barna få moglegheit for å gi uttrykk for sine synspunkt og få ei aktiv deltaking i barnehagen si verksemd.

2.3 Kommunikasjon

I møter med barna sin livsverden er vi avhengige av kommunikasjon for at barna sitt uttrykk og synspunkt skal bli høyrte. Vedeler (2007, s. 59) omtalar kommunikasjon som ei forbinding mellom menneske, der man deler noko saman, som til dømes tankar, kjensler, ord eller handlingar. For at det skal vere kommunikasjon må difor begge partar kjenne ei forbinding og ønske om å dele noko. Hansen (2019, s. 112) seier at for å kommunisere må vi kunne sjå og dele den andre sine intensjonar, men også kunne sjå oss sjølv med den andre sine auger. Skal vi kommunisere med barna i barnehagen må vi dermed prøve sjå kva intensjonar barna har i kommunikasjonen, og prøve å forstå korleis barna opplever kommunikasjonen. Normalt vil barn lære grunnleggande ferdigheiter i kommunikasjon og samspel i løpet av sine to første leveår, og blir gradvis dyktigare i interaksjon med andre ved hjelp av felles symbolsystem, som til dømes språk (Vedeler, 2007, s. 48). Ved å sjå på verbalspråk og kroppsspråk som likeverdige i kommunikasjonen kan vi prøve å forstå kva intensjonar barna har i kommunikasjonen, og ha større moglegheiter for å skape ei forbinding mellom barn og personale.

2.4 Teikn-til-tale

Teikn-til-tale er ein arbeidsmetode der ein kommuniserer med kroppsspråk, gestar og mimikk, i tillegg til verbalspråk for å støtte og fremme kommunikasjon og språkutvikling (Suhr og Rognlid, 2009, s. 4). Teikn-til-tale er henta frå norsk teiknspråk, men til forskjell bruker man alltid tale som bærande element med støtte av teikn. Ei av årsakene til at visuelle teikn kan fungere som ei støtte til talen er at mange av teikna ein brukar er ei avbiling av form eller bevegelse som liknar på innhaldet i omgrepet (Torbjørnsen, 2020). Ved å ha ei logisk oppbygging basert på erfaringar og naturlege gestar og teikn brukar vi mange av teikna i naturlege samanhengar utan å tenke over det. I følgje Suhr og Rognlid (2009, s. 4) kan dei fleste av oss utføre og forstå fleire hundre teikn utan å vere klar over det. Teikn-til-tale handlar difor om å bli bevisstgjort og trene seg på å bruke kroppsspråk, gestar, mimikk og naturlege teikn. Ved at man blir bevisst og trenar på eit tydeleg kroppsspråk kan teikn-til-tale vere ei god støtte for mange barn. I dei fleste samanhengar høyrer ein om teikn-til-tale i forbinding med spesialpedagogikk, men Aud Stangvik, læremiddelutviklar i Statped (Jonassen, 2017) meiner teiknspråk kan vere ein resurs for alle barn, enten dei er høyrselshemma, framandspråklege, har språkproblem eller er for små til å ha utvikla talespråk.

Når ein brukar teikn-til-tale brukar ein teikn til eit eller fleire ord i setninga samtidig som ein snakkar vanleg norsk talespråk i roleg tempo (Torbjørnsen, 2020). Teikn-til-tale legg til rette for at barna kan kommunisere og lære språk gjennom å bruke fleire sansar (Suhr & Rognlid, 2009, s. 4). Ved å både sjå, høyra og utføre bevegelsen for teiknet får man brukt tre sansar samtidig. Suhr og Rognlid (2009, s. 2) seier den manuelle motorikken blir utvikla tidlegare enn den oralmotoriske. Som rådgjevarar ved Statped meiner dei dette kan gi barna motivasjon til å bruke gestar og naturlege teikn, og dermed ha moglegheit for å bli forstått og komme vidare i kommunikasjon utan å beherske det vanskelege språket. Gjennom bruk av høyrsel, syn og hender kan teikn bidra til å utvikle barnas kommunikative utvikling ved at det tidleg blir lettare for barna å sjå og kjenna att bevegelsar enn språklyda. Dette opnar moglegheita for at barn i tidleg alder kan utrykke seg og ta initiativ og få hjelp i å utvikle ordforrådet.

2.5 Babyteikn

Teikn-til-tale for dei yngste barna blir også omtala som babyteikn. Babyteikn er for barn under to år og ein kan ta det i bruk allereie frå fødselen. Ifølgje Matovich-

Noddeland og Noddeland (2017, s. 15) kan babyar bruke teikn frå 6-9 månadars alder, forstå teikn tidlegare og er eit steg på vegen for å lære seg talespråket. Om barnet har begynt å prate litt med stemma vil babyteikn fylle hola i talespråket og gjer at barnet utviklar språket enda meir (Matovich-Noddeland & Noddeland, 2017, s. 20). For å bruke babyteikn mest mogleg effektivt er det viktig å vere konsekvent, velje teikn som babyen interessera seg for, og kople teikn saman med betyding (Matovich-Noddeland & Noddeland, 2017, s. 80). Vidare må ein repetere teikn fleire gongar etter kvarandre, fokusere på kva som skjer her og no, gi ros og respons når babyen prøver å bruke teikn, og viktigast av alt at ein har det kjekt når ein bruker teikn. Matovich-Noddeland og Noddeland (2017, s. 92) meiner at for å lykkast med å bruke teikn er det viktig å starte i det små og bruke nokre få teikn konsekvent. Vidare kan det vere lurt å dele dagen opp i rutinar og velje seg teikn til dei aktuelle situasjonane.

2.6 Alternativ supplerande kommunikasjon

Alternativ supplerande kommunikasjon, også kalla ASK, kan vere eit permanent alternativ til talespråket, men også eit supplement for ei periode eller i visse situasjonar, som til dømes handteikn (Andresen, 2021, s. 8). Ifølgje Andresen (2021, s. 62) er det mange som tenker på alternativ supplerande kommunikasjon som noko spesialpedagogane jobbar med, men seier vi kan omsetje det til heilskapleg språkutvikling og at det er gunstig for absolutt alle. Barn på 1-2 år kommunisera sjeldan med mange ord, og ved å lære barna enkle teikn, kan barna lettare bli forstått og oppleve færre frustrasjonar (Andresen, 2021, s. 50). Andresen (2021, s. 63) seier eit godt språkmiljø er viktig for alle barn, og at barn lærer språk gjennom å delta i ulike aktivitetar, og av vaksne som namngir, fortel og forklarar. Vidare fortel Andresen om overgangar, samlingsstund, måltid og garderobe som gode språkarenaer der mange har god nytte av ei heilskapleg språkutvikling.

2.7 Samspel leik

Allereie frå fødselen gir barn uttrykk for sine behov og kjensler gjennom gråt, rørsler, blick og lydar. Ifølgje Vedeler (2007, s. 43) kan tidleg samspels leik bygge rammer for tidleg kommunikasjon, og oppgåva vil her sjå nærare på den tredje typen samspel-leik som kan opplevast lik teikn-til-tale. Vedeler meiner slik leik gir rammer for tidleg kommunikasjon ved å gi barna moglegheit til å bruke språket systematisk saman med personalet. Vi kan sjå likskapar mellom slik samspel-leik og språk ved at leiken gir anledning til å fordele merksemda over ein ordna sekvens av hendingar (Vedeler,

2007, s. 44). Om vi ser nærare på songleiken «Lille Petter Edderkopp» har den eit samanhengande tema der kvar bevegelse kan betraktast som ein kommentar til orda. I følgje Vedeler (2007, s. 44) bidreg slik leik til at barna får systematiske moglegheiter til å bruke språket, og anledning til å utforske korleis man kan gjer ting med ord.

2.8 Internasjonal forskning

Linda Acredolo og Susan Goodwyn starta i 1989 å forske på kva verknad babyteikn kan ha for høyrande babyar, og kva tyding teiknspråk kan ha for språktileigninga (Matovich-Noddeland & Noddeland, 2017, s. 27). Sidan har fleire forskarar gjentatt prosessen som bekreftar resultata. Ved ein undersøking med meir enn 140 familiar vart barna språktesta når dei var 11,15,19, 24 ,30 og 36 månadar gamle.

Undersøkinga starta ved 11 månadars alder og allereie etter fire månadar merka dei stor forskjell mellom babyteikn-gruppa og kontrollgruppa. Ved 24 månadar hadde babyteikn-gruppa 3-5 månadars forsprang på språket og klarte å sette saman lengre setningar. Når babyteikn-gruppa var tre år hadde forskjellen auka og dei hadde eit språk som var vanleg for fire åringar. I forskinga konkluderte dei med fleire fordelar. Med bruk av babyteikn kan ein få betre kommunikasjon ved at ein er meir presis og har ein tydeleg og direkte kommunikasjon med babyen (Matovich-Noddeland & Noddeland, 2017, s. 29). Meir tilfredse babyar ved at dei tidleg kan uttrykke kva dei sjølv vil, som kan føre til færre konflikhtar og større forståing (Matovich-Noddeland & Noddeland, 2017, s. 29). Dess fleire teikn barn bruker, dess raskare lærar barnet å snakke med talespråket ved at dei får meir sjølvtilitt og blir meir motiverte for å utvikle språket vidare (Matovich-Noddeland & Noddeland, 2017, s. 35).

2.9 Undersøking i barnehagar i Noreg

I 2019 gjennomførte Birgitte Torbjørnsen ei undersøking gjennom spørjeskjema, observasjon og intervju om bruk av teikn-til-tale i barnehagar på Vestlandet (Torbjørnsen, 2020). I dei av barnehagane som valde å bruke teikn til heile barnehagegruppene såg ho at dei yngste fekk eit språk å uttrykke seg med før talespråket deira var utvikla. Vidare hjalp teikn-til-tale dei vaksne å bruke færre ord, lågare tempo og meir blikkontakt.

Barnehagelærarane sa dei ikkje alltid visste kven som kom til å trenge teiknstøtte, og ved å bruke teikn til alle barna vart teikn ei støtte til desse barna allereie før det vart

oppdaga, og var inkluderande for dei barna som ikkje hadde utvikla talespråk. Vidare var kompetanse allereie på plass den dagen eit barn trong ASK, og det vart ikkje eit so einsamt prosjekt for den som trong teiknstøtta.

Gjennom observasjonar blant barn i alderen to til tre år såg Torbjørnsen at det var dei vaksne som brukte mest teikn. Medan barna brukte 16 ulike teikn brukte dei vaksne 111 ulike teikn. I intervju med barnehagelærarane fortalde dei at barna brukte teikn når dei hadde behov, og hadde ei kompetanse dei kunne ta i bruk ved behov.

Torbjørnsen fann i sine undersøkingar ut at det er dei yngste barna som har størst utbytte av at dei vaksne brukar teikn, og det er denne gruppa som brukar mest teikn sjølv. Med teikn kan barna bli møtt med sine behov før dei kan snakke verbalspråket, som fører til tryggleik og mindre frustrasjon blant barna. For barn som ikkje har norsk som morsmål kan bruk av teikn gjere oppstarten tryggare og lettare. Teikn fungerer som eit bindeledd mellom morsmål og andrespråk, og gir barna ein snarveg til det nye språket. I samtale med barnehagelærarar kjem det fram at barna synes det er kjekt med teikn, og det ser ut til å gjer barna meir konsentrert, interessert og undrande til nye og abstrakte ord, noko som er bra for språkutviklinga.

3. Metodisk tilnærming

Denne delen ønskjer å gjere greie for, forklare og grunngi vala som er gjort i denne undersøkinga. Val av metode, val av informantar, innsamling av data, gjennomføring av analyse, validitet og reliabilitet for oppgåva og kva etiske utfordringar som dukka opp på vegen.

3.1 Kvalitativt Intervju

Vi har to hovudtypar innan forskingsmetodar, kvantitative og kvalitative. Kvantitative metodar går i breidda og gir målbare einingar ein kan telle, medan kvalitative metodar går meir i djupna og er brukt til å finne meiningar og opplevingar (Dalland, 2020, s. 54). Denne oppgåva går i djupna for å finne erfaringar og opplevingar om temaet, og kvalitativ metode er god for å avdekke dette. Gjennom kvalitativ metode der ein går i djupna, får ein mange opplysningar om få deltakarar, nærheit til feltet, heilheit og samanheng i datamaterialet og forståing for kva som blir sagt (Dalland, 2020. s. 55).

I dei barnehagane eg har kjennskap til har eg sett lite bruk av teikn. Gjennom studien vart det difor gjort ei grundig undersøking for å finne barnehagar som brukar teikn med dei yngste barna. Det sto mellom observasjon og intervju som metode. På leit etter barnehagar som kunne passe problemstillinga vart heile Norge brukt som utgangspunkt. Med tidsramma på denne oppgåva, og strenge Covid-19 restriksjonar, vart observasjon vanskeleg å gjennomføre, og intervju vart vald som metode. Kvalitativt intervju forsøker å sjå verda sett frå intervjupersonane si side og skape meining og forståing som igjen kan føre til kunnskap for andre i same situasjon (Dalland, 2020, s.68). Gjennom kvalitativt djupneintervju får ein tak i erfaringar og opplevingar frå barnehagelærarane, og difor vil denne metoda vere ein god framgangsmåte for å gi svar på problemområdet for oppgåva.

Med kvalitativt intervju som metode ønska eg å finne ut: «*Kva erfaringar har barnehagelærarar med teikn-til-tale i kommunikasjon med dei yngste barna i barnehagen?*». Eg ønska å finne ut korleis teikn-til-tale blir brukt som kommunikasjonsmiddel, korleis teikn påverkar kommunikasjonen i kvardagen og korleis bruk av teikn påverkar barna.

Når eg skulle til med intervju vart det eit kraftig utbrot av Covid-19 på landsbasis og alle barnehagar vart råka av mykje sjukdom. Eg frykta det skulle vere vanskeleg å

finne informantar og valde difor å gi informantane alternativet mellom personleg intervju og e-postintervju. Dette gjorde eg for å vise at eg respekterte informantane sin vanskelege situasjon under pandemien og ønska å legge til rette best mogleg for situasjonen vi var i. Ved e-postintervju får informantane moglegheit til å svare på spørsmåla når det passar dei. Ulempa er at ein mistar visuelle signal mellom intervjuar og intervjuerson, ikkje får dei spontane svara som kan oppstå i eit ansikt-til-ansikt intervju, og mistar moglegheita for å stille oppfølgingsspørsmål etter kvart som intervjuet går sin gang. Det var stor interesse for temaet for denne oppgåva, og eg fekk raskt seks informantar. Eine informanten ønska e-postintervju medan dei andre fem kunne stille til personleg intervju. Informanten som ønska e-postintervju var den einaste av informantane som ikkje har nedskrive bruk av teikn-til-tale i nokon av barnehagen sine planar, og for å innhente breiast mogleg erfaring valde eg å behalde denne informanten. Alle personlege intervju er gjennomført digitalt då informantane er frå ulike delar av landet. Alle informantane fekk same informasjon og samtykkeskjema (vedlegg 2), og alle fekk same intervjuguide (vedlegg 3).

Med intervju som metode måtte eg vere merksam på at min personlegdom og evne til å skape kontakt med intervjuersonen ville påverke resultatet, og dess betre eg beherska metoda, dess betre resultat kunne eg få (Dalland, 2020, s. 57). Gjennom kvalitative intervju hadde eg som mål å forstå temaet frå intervjuersonane si side, og skape meining og forståing for meg og mine lesarar.

3.2 Val av informantar

I desember 2021 då vi skulle velje tema, fekk eg tips om å undersøke feltet på førehand for å finne ut om det i heile tatt var mogleg å finne informantar rundt temaet. Eg ringte til ein barnehage som kunne stille med to informantar, og bestemte meg difor å velje dette temaet. Etter prosessen med forskingsplanen var ferdig starta arbeidet med å finne fleire informantar. På leit etter informantar vart det gjort strategiske val ved å velgje personar som hadde bestemte erfaringar (Dalland, 2020, s. 79). Det vart gjort søk på internett, og snakka med medstudentar og personale frå ulike barnehagar, for å finne barnehagar som hadde erfaring med å bruke teikn-til-tale med dei yngste barna. Som nemnt tidlegare er ofte teikn-til-tale brukt opp mot enkelt barn, men det var ikkje denne vinklinga oppgåva skulle belyse. Studien tek føre seg erfaringar opp mot ei heil barnegruppe, og då dei yngste barna spesielt. I rammeplanen står at den pedagogiske leiaren har ansvar for å setje i verk og leie det

pedagogiske arbeidet i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16). Sidan teikn-til-tale er noko som er lite brukt med dei yngste barna vart det innhenta erfaringar frå dei som leiar den pedagogiske verksemda i oppgåva mi. Med personleg intervju der ein går i djupna er det viktig å ikkje ha for mange informantar, men heller ikkje for få dersom nokon trekk seg. Det vart difor valt å ha med fire informantar frå ulike barnehagar. Etter grundig undersøking vart det funne elleve barnehagar. Det vart laga ein mal for korleis ein skulle presentere studien og ringt rundt til seks styrarar. Etter samtale med fleire styrarar vart det laga ein presentasjon på e-post (vedlegg 1) som styrarane formidla vidare til personale dei meinte hadde rette erfaringa for problemstillinga. I løpet av to veker hadde ein seks informantar å velje mellom.

Det vart gjort eit tilfeldig utval av fire informantar. I samtale med kvar av informantane vart det funne tidspunkt som passa for begge partar. Når innhenting av personopplysningar vart godkjent frå NSD vart det sendt ut informasjon og samtykkeskjema, intervjuguide og lenke til møterom på e-post til dei som skulle ha personleg intervju. Til informanten som ønska e-postintervju vart det sendt informasjon og samtykkeskjema, og intervjuguide. I tillegg vart intervjuar sitt telefonnummer og e-post sendt ut til alle slik at dei kunne ta kontakt ved eventuelle spørsmål om prosjektet.

3.2 Datainnsamling

Det har no blitt gjennomført tre digitale personlege kvalitative intervju og eit personleg kvalitativt e-postintervju. I følgje (Dalland, 2020, s. 82) har det fyrste møtet med intervjupersonane stor tyding for eit godt resultat, og intervjuar må vere godt forberedt. Ved å sende ut intervjuguiden på førehand fekk informantane moglegheit til å førebu seg til intervjuet, og dei fekk betre forståing for kva det innebar å delta. Slik kunne dei svare utfyllande på spørsmåla, og ved å ha tenkt gjennom spørsmåla i forkant kunne ein få meir gjennomtenkte svar der dei hadde moglegheit for å tenke gjennom kva dei eigentleg gjorde gjennom dagen.

Før intervju starta vart det sikra at informasjon og samtykkeskjema var motteke ferdig signert av informantane. Intervju starta med å introdusere prosjektet og formålet med intervjuet for å skape ein felles forståing. Gjennom intervju vart det handsama sensitive personopplysningar, som utgjorde meldeplikt til NSD (Dalland,

2020, s. 169). Dette var søkt om i forkant, og det står meir utfyllande informasjon om dette under etiske utfordringar.

Dei digitale intervju vart gjennomført gjennom plattformene Zoom eller Google-meet, og det vart teke lydopptak gjennom diktafon-app. For best mogleg lydopptak fekk informantane moglegheit for å ta lydopptak gjennom appen med koda til felles nettskjema. I tillegg vart det teke lydopptak med to ulike apparat for å sikre mot teknisk svikt. Alle opptaka vart lagra i same nettskjema, og gjennom dato for innsending kunne ein skilje opptaka frå kvarandre og likevel ha god oversikt. I forkant av intervju vart det gjennomført eit pilotintervju der ein fekk testa lyd, bilete lydopptak, nett-diktafon, nettskjema, trygghet og intervjuguide.

Personleg e-postintervju vart gjennomført gjennom e-post med informasjon som skreive tidlegare. Etter to veker kom e-post med svar ferdig transkribert. Denne forma var enklare og mindre tidkrevjande. Men utan moglegheit for visuell kontakt og spontane svar, kan ein ha gått glipp av viktige detaljar.

Etter dei personlege digitale intervju er samtalen transkribert, skrive ned ord for ord kva som vart sagt (Dalland, 2020, s. 95). Dette var ein omstendeleg prosess, der ein tok føre seg eit intervju om gangen. For å få eit mest mogleg nøyaktig resultat vart lydopptaket lasta ned på mediespiller på personleg datamaskin. Då kunne lydopptaket bli stoppa, spolt tilbake, og sekvensar kunne bli høyrte fleire gongar. Ved å vere nøyaktig i transkriberinga fekk ein god oversikt over datamaterialet og fekk sikra at all informasjon frå intervju vart med. Småord i transkriberinga vart teke vekk og teksta vart omsett til nynorsk for å anonymisere informantane. Ved bruk av lydopptak må opptaka slettast når prosjektet avsluttast (Dalland, 2020, s.172). Lydfil på datamaskina vart difor sletta med ein gong etter transkribering og søppelpost vart tømt for å fjerne alle spor på datamaskina. Lydopptak på diktafon-appen blir sletta når oppgåva er avslutta. Om ein informant hadde trekt seg hadde dette datamaterialet blitt sletta med ein gong.

3.3 Analysemåte

Viktigaste formålet med å gjere analyse er å skape system, mønster og meining i alt av datainnsamling (Gibbs & Stake, her frå Postholm & Jacobsen, 2011, s. 102). Dette vart gjort ved å bruke ei deskriptivt analysemetode der materialet vart koda og kategorisert (Postholm, her frå Postholm & Jacobsen, 2011, s. 104). Ved å merke

meningseinheiter i ulike kategoriar, klippe delane ut og sortere dei tematisk etter kategori, fekk ein oversikt over kvar kategori for seg. Her var kvar del meningsberande og forståeleg i seg sjølv og merka med nummer på informant for ikkje å miste oversikta. Dette vart gjort ved å sette inn dei ulike kategoriane i ein tabell der kvar informant fekk si kolonne nedover og kvart spørsmål frå intervjuguiden fekk si rekke (vedlegg 4). Når svara til rett spørsmål vart sortert, vart det lettare å ha oversikt over svara til informantane, og kunne tolke og forstå teksta slik at den fekk mening på ny (Flick, her frå Postholm & Jacobsen, 2011, s. 103). Vidare vart spørsmåla som passa saman samla, slik at det danna seg fem kategoriar, før ein vurderte utsegna og sorterte dei etter tyngde og kor mange som hadde svart det same. Her var det viktig å behalde anonymiteten til intervjupersonane, vere tru mot dei funna som var blitt gjort, og formidle funna slik at lesaren kan kome tett på. Deretter vart det gjort ei teoretisk analyse der det var sentralt å vere kritisk mot funna, og finne relevant teori som kunne bidra til å forstå datamaterialet. Ved å vere open for hendingar og utfall som ein ikkje hadde tenkt på kunne skje, kan ein utvikla nye forståingar for temaet (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 111).

3.4 Validitet og reliabilitet

For at oppgåva skal vere truverdig for lesarane var det viktig at metodane som vart brukt hadde validitet og reliabilitet. Oppgåva har validitet ved at den har relevans og gyldigheit for problemstillinga (Dalland, 2020, s. 43). Det er bygd validitet til oppgåva gjennom eit grundig forarbeid med litteratur og intervjuguide, og sikra at informantane hadde erfaringar om teikn-til-tale i samspel med dei yngste barna. Det vart jobba mykje med spørsmåla til informantane for å sikre at dei var relevante for problemstillinga og at eg var trygg på å stille relevante oppfølgingsspørsmål. Vidare vart det samla inn data, og ettersteva at intervjuet vart utført korrekt, og angitt eventuelle feilmargar slik at oppgåva blir påliteleg og får reliabilitet (Dalland, 2020, s. 43). Det er lite litteratur som går direkte på teikn-til-tale i barnehagen med dei yngste barna. På leit etter litteratur for denne studien er det gjort mange søk i ulike databasar for å finne forskning og teori opp mot teikn-til-tale med dei yngste. Grundige søk bidreg til at litteraturen som er med i denne oppgåva er oppdatert og styrkar studien sin pålitelegheit.

Gjennom innsamling av data er det innhenta opplysningar frå fire informantar. Dette er ikkje nok til å få innsyn i alle sitt syn på bruk av teikn-til-tale, men gir oss ei innsikt

der vi kan generalisere. Generalisere handlar om å ha eit representativt utval av informantar slik at det vi får vite med stor sannsyn også gjeld andre barnehagelærarar (Dalland, 2020, s.138). Intervjua er ikkje meint å fortelje noko om den enkelte, men gi oss ei innsikt, slik at vi forstår betre kva erfaringar som er på feltet, slik at flest mogleg har nytte av den. Det er gjort strategiske val av informantar der alle har kunnskap om teikn-til-tale. Dette utvalet kan svekke troverdigheita på oppgåva ved at ein ikkje får fram synet på teikn-til-tale frå dei som ikkje har erfaring, men for å kunne svare på problemstillinga i oppgåva vart dette valet gjort bevisst for å få fram desse erfaringane. Det er difor valt å ha eit breitt utval av informantar; ein brukar teikn-til-tale av eige initiativ, ein brukar teikn-til-tale på initiativ i heile barnehagen, ein brukar ASK på initiativ til heile barnehagen og ein har bruk av ASK nedskrive i årsplan. I kvalitativ metode intervju som er brukt i denne oppgåva er her fleire moglege feilkjelder. Det er gjort grundig grunnarbeid før ein starta datainnsamling som ifølgje Dalland (2020, s. 63) kan bidra til å auke reliabiliteten til oppgåva. Intervjuguiden er nøye gjennomarbeida, intervjua er transkribert, og analysert og funna som var relevante for problemstillinga er belyst og drøfta.

3.5 Ethiske utfordringar

Gjennom arbeidet med oppgåva er det tenkt gjennom kva etiske utfordringar som kunne dukke opp på vegen, og kva etiske forpliktingar ein har ved å skrive ei slik oppgåve. Frå planlegging i starten til formidling av resultat har det heile tida vore etiske forpliktingar. Det har dukka opp ulike etiske utfordringar, og heile vegen måtte ein ta etiske val.

Etikk handlar om normene for rett og god livsførsel, og skal gi oss rettleiing og grunnlag for å vurdere før vi handlar (Dalland, 2020, s. 168). I dette arbeidet er det snakk om forskningsetikk. I forskningsetikk må ein vurdere forskinga opp mot samfunnets normer og verdiar, gjennom planlegging, val av problemstilling, val av metode, korleis resultat kan brukast og ferdig resultat (Dalland, 2020, s. 168). Ved intervju som metode vart det handsama sensitive personopplysningar, og ein hadde meldeplikt til NSD (Dalland, 2020, s. 169). Det vart difor venta med datainnsamling til meldeskjemaet var godkjent. Gjennom heile prosessen vart personvernet til alle som deltok i forskinga ivaretatt. Det har ikkje blitt gitt ut namn, bakgrunnsopplysningar, sensitive opplysningar eller andre opplysningar som gjor at deltakarane kunne bli gjenkjent. Gjennom forskning har ein teieplikt om alle opplysningar ein har fått

gjennom prosjektet, og ein har ansvar for å sørge for at alle opplysningar er anonymisert (Dalland, 2020, s.173). Det er difor brukt fiktive namn i prosessen. Informasjon er blitt lagra med kode til fiktive namn på ei ekstern data vekk frå resten av arbeidet slik at ein kan finne det igjen om nokon av informantane trekk seg. Alle som er innhenta informasjon frå var informert og ga frivillig samtykke til å delta (Dalland, 2020, s. 173). Dette vart gjort gjennom samtale og skriftleg samtykkeskjema med NSD sine krav til informasjon, der det vart gitt informasjon om kva det ville seie at dei deltok frivillig. I analyse og drøftingsprosessen var ein merksam på at funna ikkje skulle gå på kostnad av deltakarane sin integritet og velferd (Dalland, 2020, s. 168). Resultata i den ferdige oppgåva vart reinskrive og gjennomarbeida for ei klar og tydeleg formidling for å ivareta informantane sine erfaringar og syn på problemet.

4. Presentasjon av datamateriale

Vidare vil datamaterialet og funna som er gjort gjennom analyse vert presentert. Materialet er kategorisert etter spørsmål og tema i intervjuguiden, og det er kome fram til fem kategoriar. Kategoriane er; presentasjon av informantar, personalets kommunikasjon med teikn-til-tale, barnas kommunikasjon med teikn-til-tale, positive erfaringar ved bruk av teikn-til-tale og negative erfaringar ved bruk av teikn-til-tale.

4.1 Presentasjon av informantar

Informantane har ulike erfaringar og utgangspunkt med teikn-til-tale. Tre har gjennomført kurs i teikn-til-tale; ein gjennom rettleiarar på arbeidsplassen, ein for fem år sidan og ein for sirka 15 år sidan. Ein av informantane har ikkje gjennomført kurs, men har ASK veileidarar på arbeidsplassen som har tett oppfølging av personalet med bruk av bilete og teikn. Alle informantane brukar teikn opp mot heile barnegruppa og ikkje mot enkeltbarn, men i ulik grad. Informantane er anonymisert med fiktive namn som vert brukt vidare i oppgåva.

Astrid: Ingen kurs. Har jobba med teikn-til-tale med dei yngste i 3,5 år. Har lært mykje av to ASK rettleiarar på arbeidsplassen og heile barnehagen brukar ASK. Jobbar systematisk med to teikn i veka for å bygge opp kunnskapen til personalet og barn.

Katrine: Kurs for fem år sidan og heile barnehagen brukar teikn-til-tale. Har brukt teikn før dette på eige initiativ og brukar Facebook og appar aktivt for å halde seg oppdatert. Kurset var for alle i personalet og for bruk til heile barnegruppa. Dette gjorde at alle fekk felles opplæring og tematikken vart løfta i personalgruppa.

Gunnhild: Kurs for 15 år sidan opp mot enkeltbarn. Brukte teikn mykje etter kurset og brukar teikn no av eige initiativ då ho ser verdien for alle barna. Brukar teikn til mange av songane, men dei seinare åra har bruken av teikn forsvunne meir og «brukar teikn altfor sjeldan no».

Linda: Kurs gjennom ASK rettleiarar på arbeidsplassen og nedfelt bruk av ASK i årsplan. Har jobba med teikn-til-tale i 8 år til saman på småbarn og storbarn. Sidan august 2021 på småbarn og nokre år tidlegare. Barnehagen har ei eiga avdeling med barn med funksjonsnedsetting, der barna får komme inn på dei andre avdelingane slik det passar dei. Brukar ASK med bilete og teikn opp mot alle barna gjennom heile dagen.

4.2 Personalets kommunikasjon med teikn-til-tale

Astrid, Katrine og Linda brukar teikn-til-tale jamleg gjennom heile dagen. Astrid seier ho brukar det i det allmennpedagogiske og ser kor bra det er for dei minste barna. Gunnhild skriv at ho brukar teikn til song før måltid kvar dag, og sporadisk gjennom dagen i ulike situasjonar. Ho brukar det opp mot enkeltbarn ho merkar treng forsterking for å forstå, men meina sjølv ho brukar det altfor sjeldan. Alle informantane brukar teikn-til-tale under måltid, tre spesifiserer bruken av teikn ved song og alle dreg fram overgangssituasjonar som spesielt gunstig. Dei meiner barna får ei betre forståing for kva som skal skje i overgangssituasjonar når dei brukar teikn i tillegg til verbalspråket. To av informantane brukte teikn for å vise eksempel under intervjuet og eg merka meg at dei prata saktare, la trykk på ordet dei teiknsette, hadde stor forskjell i taletempo og var klarare i talespråket. Linda seier:

På småbarn føler eg det er veldig knytt opp mot rutinar, overgangar, song og musikk. Livet kan vere veldig rutineprega på småbarn. Det er veldig sånn, skifte bleie, ete frukt, sove, samling og leike. Vi prøver å bruke det i alle situasjonar, men det blir spesielt i forhold til overgangar og beskjedar som skal giast [...] Ein brukar det for å understreke den kommunikasjonen man har med barna, for å tydeleggjere litt innhaldet og budskapet. Eg føler at beskjeda blir mykje tydelegare og meir mottatt når man brukar teikn i tillegg [...] Det blir veldig forberedande. Ein kan sjølvstøtt gi ei forberedande beskjed utan å bruke teikn-til-tale også. Men eg føler at det understøttar meir. Tydeleggjer meir budskapet. Og eg føler vertfall at beskjeda blir mykje tydelegare og meir mottatt når ein brukar teikn-til-tale i tillegg [...] Det er lett å berre prate «no skal vi gå å vaske hender å så skal vi gjere det og det og det», i staden for «no skal vi vaske hender (teikn), så skal vi ete frukt (teikn)» (snakkar saktare og tydelegare med trykk på orda som blir teiknsett), og at det då samtidig blir lettare for barna å ta det inn.

Alle dei fire informantane brukar teikn i kombinasjon med verbalt språk for å forsterke det verbale språket. Dei er samde i at teikn-til-tale handlar om kroppsspråk og å trene seg opp på å bruke teikn. Katrine seier «Nokon gongar gjer eg det slik at eg tenker bevisst at no skal eg vise to, tre teikn, og så skal eg få med barna på å gjere det saman med meg, det synes jo barna er kjempe gøy». Astrid fortel om vikarar som synes det er vanskeleg til å byrje med, men når dei ikkje tenker på det som

vanskeleg men gjer det som fell dei naturleg, knekker mange koda og ser logikken bak mange av teikna. Gunnhild brukar mange konkretar, mykje kroppsspråk og naturlege teikn for å formidle på samlingsstund. Mange av songane ho syng lærte ho for over 15 år sidan, og teikn er framleis ein naturleg del av songane. Ho skriv «*kroppsspråk og teikn er ein naturleg del av språket, og eg skulle ønske at alle kunne få opplæring slik at dei kunne bruke det meir aktivt i lag med barna*».

4.3 Barnas kommunikasjon med teikn-til-tale

Informantane fortel at barna ikkje brukar mykje teikn seg imellom, men dei kan bruke teikn til personale i forhold til primærbehova sine. Gunnhild skriv at hennar noverande personalgruppe ikkje har nok opplæring og erfaring i bruk av teikn til at barna brukar teikn aktivt i kommunikasjon med kvarandre.

Barna som går i informantane sine barnehagar er frå åtte månadar, og blir introdusert for teikn allereie første dagen i barnehagen. Astrid smiler og ler:

Vi introduserer dei for teikn allereie første dagen faktisk. Det har blitt ein sånn naturleg del av kroppsspråket vårt. Vi som jobbar med det er så innarbeida med det at vi gjer det litt naturleg. Så må vi hugse at når det startar nye barn må vi forklare dei kva det vil sei og kva vi gjer.

Alle informantane fortel at barna lærer teikna veldig fort, og er rundt eit år når dei viser første teikna. Katrine fortel om ei jente som var 14 månadar då ho starta i barnehagen, og etter 14 dagar- tre veker så begynte ho å vise teikn når ho var ferdig å ete matpakken sin. Gunnhild skriv: «*Eg har sett barn i 1 års alderen bruke teikn, naturlege kvardagsteikn. Så kan ein velje å tolke om det er bevist bruk, eller fell naturleg for barnet*».

Astrid seier teikna barna først brukar er i forhold til primærbehova som; mat, drikke, sove og skifte bleie, og så kjem det litt meir etter kvart, som; mjølk, vatn, svolten, tørst, mamma, pappa og jobb. Alle fire informantane er samde om at måltida er den situasjonen i barnehagen barna brukar mest teikn. Linda seier «*meir*» og «*ferdig*» er teikn barna blir veldig stolt av å meistre sjølv då det er eit basalt behov å få meir mat om ein er meir svolten. Ho ser at barna strålar opp og gliser når dei får til å gjere teiknet og gjere seg forstått. Katrine forklarar:

Eg seier for eksempel «vil du ha brød (teikn)? Eller knekkebrød (teikn)?». Og dei som ikkje klarer å sei knekkebrød så klarer dei å vise teiknet for knekkebrød sånn (teikn), og då skjønar eg at dei vil ha knekkebrød.

Katrine seier vidare: «Men eg trur barna synes det er mest gøy. Dei er kjempe gode å herme og dei synes at det er gøy med teikn».

Alle informantane seier barna brukar teikn til songar som dei vaksne teiknsetter.

Linda seier:

Dei får eit heilt anna fokus, følger med og prøver å bruke teikn sjølv, så det er veldig artig å sjå. Dei blir ofte sittande og stirre på kva vi gjer, og dei er veldig interessert i kva vi gjer med henda våra. Du har denne «tomlinga» når det er samling på småbarn, men eg ser at når ein bruker teikn-til-tale så er dei veldig mykje meir med. Det er ikkje like mange som går rundt og leikar seg i staden for å vere med på samlingsstund. Det er veldig artig å sjå.

Linda seier:

Om eg vil ha ein song det er mykje ord og tekst i, så fungerer det veldig godt å bruke teikn-til-tale. Det tydeleggjer på ein måte songen og då lærer barna songen raskare. For dei heng med på teksten når vi støttar med teikn. Det er noko med å kombinere det munnlege og det visuelle. Då lærer dei ting raskare enn om ein berre seier ting.

4.4 Positive erfaringar ved bruk av teikn-til-tale

Dei fire informantane er einige i at teikn-til-tale er veldig positivt. Fleire av informantane legg vekt på at barna får meistringsfølelse og Linda presiserer «*det er veldig tydeleg at dei sjølv synes det er godt å få sei det dei vil sei, og dei blir veldig stolt av seg sjølv*». Bruk av teikn tydeleggjer budskapet i kommunikasjonen og forsterkar kommunikasjonen, seier informantane. To av informantane viste med teikn korleis dei snakka med barna, og eg såg kor mykje tydelegare orda vart, og at dei senka tempo når dei viste teikn ved sida av. Linda seier bruk av teikn påverkar relasjonen mellom henne og barna positivt då dei blir meir til stades for kvarandre «*vi får fokuset på oss når vi kommunisera med kvarandre. Så det blir ein veldig sånn her og no i kommunikasjonen og i relasjonen*». Gunnhild skriv «*teikn kan gjere dei*

vaksne meir bevisst på sitt eige kroppsspråk og meir sensitive ovanfor kva barna prøver å formidle».

Alle informantane er samde i at det er enklare å forstå barna når ein brukar teikn, både kva dei vil og kva dei ikkje vil. Astrid: *«vi opplever at dei får veldig tidleg ein veldig god språkforståing. Og dei opplever tidleg meistring i kommunikasjon. Barna får til å snakke med henda lenge før dei får til å snakke med det verbale språket».* Katrine seier det er gøy å bruke teikn, og ho ser barna viser glede når ho brukar teikn saman med barna. Linda seier at barna får eit heilt anna fokus og dei følger mykje meir med når man bruker både teikn og tale samtidig. Ho meiner det er ganske tydeleg at det er lettare for dei å ta inn over seg beskjedar og forstå det som blir sagt. Linda fortel vidare om eit barn som synes tilvenninga var veldig vanskeleg:

[...] Då såg eg at det å bruke teikn og bilete gjor dette barnet tryggare både i kommunikasjon med oss, og i sjølve kvardagen. Fordi når han gjekk og var lei seg og sakna mamma og pappa kunne vi vise han bilda, og så sa vi «mamma jobb (teikn), pappa jobb (teikn), og så viste vi bilete av at vi skal gjer det og det, vi skal ete frukt og så kjem mamma og pappa og hentar deg. Og då vart det sånn, ja det skal eg gjere, det er dagen i dag, då har eg oversikt over dagen min, då veit eg når mamma og pappa kjem. Så eg trur det tok kunn ei veke, så sa han sjølv. «Mamma jobb (teikn) pappa jobb (teikn), ete frukt (teikn)» og då trøysta han seg med det. Så gjentok han det litt gjennom dagen når han vart litt lei seg, og fant roa i seg.

Astrid og Linda meiner bruk av teikn hjelper dei i det pedagogiske arbeidet. Astrid løftar fram bruk av teikn-til-tale i forhold til det allmennpedagogiske og seier *«det er verkeleg noko ungene har nytte og glede av, og som gir dei meistring».* Linda seier:

Med tydelegheit og lettare å få merksemd og fokus. Og så blir det ein måte å inkludere kvarandre på også, det blir eit slags fellesskap rundt det [...] Det kan vi også sjå på dei største toåringane. At dette barnet snakkar ikkje så godt norsk, det snakkar italiensk eller spansk eller andre språk. Så då kan dei kanskje bruke teikn. «No skal vi ete frukt (teikn)», for å hjelpe det barnet til å forstå kva det er vi skal no. At dei passar på å inkludere kvarandre meir slik at dei skal skjønne kva vi skal gjere. Så det er veldig fint å sjå.

Gunnhild meiner også teikn er inkluderande og skriv:

Kroppsspråk og teikn er ein naturleg del av språket, og eg skulle ønske at alle kunne få opplæring, og kunne bruke det meir aktivt i lag med barna. Slik kan ein også lære barna meir om mangfald, og kanskje kan det opne for betre inkludering av dei som treng det i samfunnet rundt oss.

Katrine seier «dei kan klare å gjere seg forstått med sine ønsker og behov, og også sei kva dei ikkje vil. Det kan gjere at dei kan medverke meir i sin eigen kvardag».

4.5 Negative erfaringar ved bruk av teikn-til-tale

Astrid og Katrine seier dei ikkje klarer å komme på noko negativt ved å bruke teikn-til-tale. Astrid seier «eg opplever det som utelukkande positivt». Katrine seier:

«Det her håpar eg alle barnehagar gjer og brukar, og eg synes det er kjempeviktig. Og så er det veldig gøy. Eg skulle ønske det var ein greie at alle hadde kurs i det. Det er noko ein berre blir vant med å gjere».

Linda og Gunnhild er veldig positive men kjem med kvar sin negative kommentar.

Linda seier:

Det har ingen negative effektar av å bruke teikn-til-tale. Men det som kanskje kan vere litt negativt er at det krev ganske mykje av oss vaksne, det gjer det. Vi må vere på. Og vi må vere interessert [...] Det kostar meir av oss. Men samtidig kostar ikkje det så mykje. Vi lærer oss alfabetet og alt sånn i forhold til dei barna vi har. Men ein treng ikkje å lære seg alle teikn i heile verda. Om ein klarer å lære seg ei tjue- tretti stykk så har ein det mest basale på plass tenker eg. Og då har ein det som skjer i kvardagen [...] Men det krev jo litt innsats. Men eg tenker den innsatsen er verd det for man får så mykje tilbake.

Gunnhild skriv at for kommunikasjonen mellom henne og barna kan det vere negativt «dersom eg har for lite trening i å bruke teikna og har øvd meg for lite, kan det flytte fokuset mitt bort frå barna. Eg vert for konsentrert i å bruke teiknet rett, i staden for å ha fokus på relasjonen til barnet».

5. Drøfting

Funna frå undersøkinga er presentert, og i dette kapittelet vil ein vidare drøfte funna opp mot aktuell litteratur, forskning og styringsdokument frå kunnskapsgrunnlaget. Det vert brukt same inndeling som i førre del for å halde oversikt over datamaterialet.

5.1 Presentasjon av informantar

Informantane har ulike utgangspunkt og erfaringar med teikn-til-tale. Med ulike erfaringar får ein eit meir gyldig bilete opp mot problemstillinga som gir eit relevant og heilskapeleg bilete (Dalland, 2020, s. 43).

Informantane brukar teikn-til-tale opp mot dei yngste barna og heile barnegruppa. Dei får støtte frå Aud Stangvik, læremiddelutviklar i Statped, som meiner det kan vere ei støtte for alle barn også dei som er for små til å ha utvikla talespråket (Jonassen, 2017).

Vedeler (2007, s. 59) omtalar kommunikasjon som ei forbinding mellom menneske, der begge partar har ønske om å dele noko. I denne oppgåva er det vaksen perspektivet som vert fanga opp, og barna si stemme er ikkje direkte med. Barna i denne oppgåva er dei yngste barna utan så mykje verbalspråk. Kva tankar og ønsker dei har i kommunikasjonen blir difor uttrykt ut i frå informantane sitt perspektiv.

5.2 Personalets kommunikasjon med teikn-til-tale

Informantane bruker teikn-til-tale gjennom heile barnehagekvardagen i ulike situasjonar, som måltid, song og samlingsstund. Desse er ifølge Andresen (2021, s. 63) gode språkarenaer der mange har nytte av ei heilskapeleg språkutvikling. Alle informantane meiner bruk av teikn er spesielt gunstig i overgangssituasjonar. Andresen (2021, s. 64) seier mange barn kan bli frustrerte i overgangssituasjonar og ha god hjelp av bilete eller teikn då det kan gjer beskjeda meir konkret og lettare å oppfatte. Ved å bruke nokre få teikn kan vi få mindre lyd og det kan vere enklare å gi beskjedar og skape ei meir heilskapeleg språkutvikling for mange barn (Andresen, 2021, s. 68). Informantane fortel at når dei brukar teikn i tillegg til det verbale språket i overgangssituasjonar merkar dei at barna forstår betre kva som skal skje. Ifølge Hansen (2019, s. 112) er det viktig å sjå oss sjølv med barna sine auger for å kunne kommunisere med barna. Ved å prøve å forstå korleis barna opplever kommunikasjonen og gi barna eit verktøy dei forstår betre, får informantane betre

kommunikasjon. Torbjørnsen (2020) seier teikn-til-tale hjelper dei vaksne til å bruka færre ord, lågare tempo og meir blikkontakt. Noko eg sjølv opplevde informantane gjere automatisk når dei viste korleis dei brukar teikn med barna. Andresen (2021, s. 32) seier vi i tillegg gjer språket meir visuelt noko som gjer budskapet tydelegare for barna. Ved lågare tempo, meir blikkontakt og ekstra trykk på det meiningsberande ordet vart budskapet tydelegare og eg såg stor nytte i bruk av teikn.

Dei fire informantane bruker teikn-til-tale for å forsterke det verbale språket. Dei får støtte frå Suhr og Rognlid (2009, s. 4) som seier teikn skal vere ei støtte for å fremme kommunikasjon og språkutvikling. Ved å bruke teikn i tillegg til det verbale språket brukar informantane varierte formidlingsformer i språkmiljøet og tilbyr fleire måtar å uttrykke seg på, i tråd med rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 49).

For å kunne bruke teikn saman med barna må ein ifølgje informantane mine trene på å vere bevisst sitt eige kroppsspråk. I følgje Suhr og Rognlid (2009, s. 4) kan dei fleste av oss utføre og forstå fleire hundre teikn utan å vere klar over det, og teikn-til-tale handlar om å bli bevisstgjort og trene seg på å bruke kroppsspråk, gestar, mimikk og naturlege teikn. Ifølgje Torbjørnsen (2020) er mange av teikna basert på erfaringar og logisk oppbygging ved at dei er ei avbiling av form eller rørsle som liknar på innhaldet i omgrepet. Astrid og Gunnhild fortel at det er viktig å gjere det som fell oss naturleg og ikkje tenke på det som vanskeleg.

Informantane fortel om nytta av teikn i det pedagogiske arbeidet og Gunnhild seier ho skulle ønske alle fekk opplæring i bruk av kroppsspråk og teikn-til-tale. Som vaksne med einseitig tru på verbalspråkets verdi har mange gløymt verdien av kroppsspråk, og ved å arbeide med dei yngste barna kan vi oppdage den kroppsslege verdien av kommunikasjon på ny (Løkken, 2005, s. 34). Ved å trene på denne gløymte verdien av kroppsspråket og bruke det til heile barngruppa kan vi møte barna sine behov før dei kan prate verbalspråket. Løkken (2005, s. 34) seier vi må akseptere kroppsspråk som ei meiningsfull handling på lik linje med orda sin tale. Katrine brukar teikn bevisst i samlingsstund for å lære vidare nokon av teikna. Ved å få alle i gruppa med på å gjere teikn får dei ein felles aksept for teikn i gruppa og dei lærer seg felles teikn som blir meiningsfulle for alle.

5.3 Barnas kommunikasjon med teikn-til-tale

Alle informantane seier det er dei vaksne som brukar mest teikn. Barna brukar lite teikn med kvarandre, og mest til dei vaksne om dei treng noko. Dette stemmer med Torbjørnsen (2020) sine observasjonar der barna brukar 16 teikn medan dei vaksne brukar 111 teikn, og barnehagelærarane i undersøkinga er samde med informantane om at barna brukar teikn når dei har behov.

Allereie første dag i barnehagen introduserer informantane barna for teikn. Suhr og Rognlid (2009, s. 2) seier den manuelle motorikken blir utvikla tidlegare enn den oralmotoriske og støtter tidleg bruk av teikn. Dei seier denne tidlege bruken av teikn kan gi barna motivasjon til å bruke gestar og naturlege teikn slik at barna kan bli forstått før dei beherskar det vanskelege verbale språket. Det er ulikt kor langt barna som startar i barnehagen er komen i det verbale språket, men ifølgje Matovich-Noddeland og Noddeland (2017, s. 20) vil bruk av teikn fylle hola i talespråket og gjer at barnet utviklar språket enda meir. Andresen (2021, s. 63) seier barn lærer språk gjennom vaksne som namngir, fortel og forklarar, og støttar Astrid som seier vi må hugse å forklare dei nye barna kva teikna vil seie. Ifølgje Vedeler (2007, s.48) vil barn normalt lære grunnleggande ferdigheiter i kommunikasjon og samspel i løpet av sine to første leveår. Ved hjelp av teikn får barna eit symbolsystem dei kan meistre tidlegare og barna kan gradvis bli dyktigare i interaksjon med andre. Jenta som allereie etter 14 dagar brukte teikn for å gjere seg forstått fekk lære seg grunnleggande ferdigheiter i kommunikasjon gjennom å bruke manuell motorikk som støtte for talespråket, og kan få god motivasjon for å fortsette språkutviklinga.

Gunnhild seier ho er usikker på om bruken av teikn hos barna er bevisst eller fell naturleg for barna. Ifølgje Suhr og Rognlid (2009, s. 4) handlar teikn-til-tale om å bruke naturlege teikn og kroppsspråk. Løkken (2004, s. 16) beskriv dei yngste barna som «toddlerar» med sitt kroppslege særpreg. For barna som er kroppslege når dei pratar fell kroppsspråk og naturlege teikn meir naturleg enn for vaksne. For å forstå dei yngste barna må vi ifølgje Johansson (2013, s. 210) nærme oss barna si livsverd og prøve å forstå at barnets kropp, ansiktsuttrykk, gestar og ord dannar ei heilheit. Ved å lære oss teikn, og øve oss på å bruke kroppsspråk i kommunikasjon med dei yngste, kan vi nærme oss barna si livsverd og få eit felles språk med moglegheter for å forstå kva barna uttrykker.

I følgje Johansson (2013, s. 210) må vi henvende oss til barna som personar med behov, ønsker, evner og intensjonar for å prøve å forstå og ta omsyn til dei. Informantane fortel at det er primærbehova, og spesielt i måltidsituasjonen barna begynner å bruke teikn først. Matovich-Noddeland og Noddeland (2017, s. 80) seier det er viktig å vere konsekvent og velje teikn som barna har interesse for. Ved å velje teikn barna har behov, ønsker og intensjonar rundt kan barna få moglegheit til å uttrykke sine behov, og informantane kan streve etter nærheit til barnas perspektiv for å skape møter mellom livsverdener, i tråd med Merleau-Ponty sitt omgrep intersubjektivitet (Johansson, 2013, s. 210). I ein barnehage med mange i personalgruppa kan det vere vanskeleg å vere konsekvent på kva teikn ein bruker, noko som kan vere medverkande årsak til at barna ikkje brukar så mange teikn sjølv. Ifølgje Andresen (2021, s. 67) er måltid ein god situasjon for heilskapleg språkutvikling då vi har god tid til å repetere ord og handlingar. Vi bruker mykje tid på måltid i barnehagen, vi får tid til å repetere, kan enkelt bruke konkretar for kva teikna betyr og barna må bruke teikn for å få dekkja sine behov. Dette kan vere medverkande årsak til at det er i måltida barna brukar mest teikn.

Katrine meiner barna har det gøy når dei brukar teikn, noko ho får støtte frå Matovich-Noddeland og Noddeland (2017, s. 80) som seier det viktigaste med å bruke teikn er å ha det kjekt når ein brukar det. I følgje informantane stråler barna når dei klarer å gjere seg forstått ved bruk av teikn, og barna blir stolte av å meistre kommunikasjonen sjølv. I FNs barnekonvensjon (Forente nasjoner, 1989, artikkel 12) står at alle barn har rett til å gi uttrykk for sine synspunkt og at desse synspunkta blir lagt vekt på i samsvar med barnets alder og modnad. Ved at barna kan gjere seg forstått ved bruk av teikn tidlegare enn ved bruk av det verbale språket kan barna tidlegare få moglegheit for å uttrykke sine synspunkt og gjere seg forstått. Ved å gi barna moglegheiter til å kommunisere med eit felles kroppsspråk kan vi legge vekt på deira synspunkt i saker dei er opptekne av som å sei ifrå at dei er trøtte eller mette.

I rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 22) står at barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Alle informantane fortel at dei teiknsetter songane dei syng i barnehagen. Ved å teiknsette songar legg informantane til rette for at barna kan kommunisere og lære språk gjennom å bruke fleire sansar (Suhr og Rognlid, 2009, s. 4). Ved å bruke teikn til songane får dei kroppslege toddlerane brukt fleire sansar og kommunisert på sin særegne måte.

Linda seier barna får eit anna fokus og følger meir med når ho bruker teikn til songar og får støtte frå Andresen (2021, s. 62) som seier barna ofte nynnar og gjer teikn lenge før dei har lært orda i songen. I følgje Vedeler (2007, s. 44) får barna gjennom bruk av teikn anledning til å fordele merksemda over ein ordna sekvens av hendingar og dermed moglegheit til å utforske korleis man gjer ting med ord. Dette gir barna ei systematisk moglegheit til å bruke språket. Linda bekreftar dette då ho ser at teikn tydeleggjer songen for barna, og barna heng betre med på teksten når dei får teikn å bruke i tillegg.

5.4 Positive erfaringar ved bruk av teikn-til-tale

Bruk av teikn-til-tale i barnehagen er ifølgje informantane veldig positivt.

Informantane fortel at det tydeleggjer budskapet, forsterkar kommunikasjon og påverkar relasjonen mellom barna og dei vaksne ved at dei blir meir tilstades for kvarandre. Dei får støtte frå Matovich-Noddeland og Noddeland (2017, s. 29) som seier bruk av teikn gir betre kommunikasjon ved at ein er meir presis og har ein tydeleg og direkte kommunikasjon med barnet. Gunnhild seier teikn kan gjere dei vaksne meir sensitive ovanfor kva barna prøver å formidle, som er i tråd med Merleau-Pontys fenomenologi. Ved å nærme seg barnas livsverd kan informantane sjå barna som meiningskapande medmenneske og prøve å forstå og ta omsyn til dei (Johansson, 2013, s. 210). I følgje Løkken (2005, s. 28) er slike møter utgangspunkt for å sjå og forstå meininga og hensikta til toddlerane sin sosial omgang.

Bruk av teikn gjer det enklare å forstå barna, dei får tidleg god språkforståing og opplever meistring i kommunikasjon tidleg seier informantane. Torbjørnsen (2020) er einig i utsegna og seier dei yngste får eit språk å uttrykke seg med før talespråket deira er utvikla ved å bruke teikn. Barn på 1-2 år kommunisera sjeldan med mange ord og ved å lære barna enkle teikn, kan barna lettare bli forstått og oppleve færre frustrasjonar (Andresen, 2021, s. 50). Når informantane brukar teikn med barna får barna meir sjølvtilit og blir meir motiverte for å utvikle språket vidare, og utviklar dermed talespråket raskare (Matovich-Noddeland & Noddeland, 2017, s. 35).

Torbjørnsen (2020) si undersøking støttar denne utviklinga. Barnehagelærarane i undersøkinga seier teikn gjer barna meir konsentrert, interessert og undrande til nye og abstrakte ord og er bra for språkutviklinga.

Astrid og Linda meina teikn er ei god støtte i det pedagogiske arbeidet noko Andresen støttar dei i. Andresen (2021, s. 62) seier ASK, som inneheld blant anna teikn-til-tale, kan omsetjast til heilskapleg språkutvikling og at det er gunstig for absolutt alle. Torbjørnsen (2020) seier teikn fører til tryggleik og mindre frustrasjon blant barna. Matovich-Noddeland og Noddeland (2017, s. 29) er einige og meiner bruk av teikn fører til meir tilfredse barn ved at dei tidleg kan uttrykke kva dei sjølv vil som kan føre til færre konflikter og større forståing. Ved å bruke teikn meiner Katrine at barna får betre moglegheit til å til å gi uttrykk for sine synspunkt som er i tråd med FNs barnekonvensjon (Forente nasjoner, 1989, artikkel 12), og kan gi barna moglegheit til å medverke i eigen kvardag i tråd med rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.27).

Linda og Gunnhild meiner teikn er ein måte å inkludere kvarandre på og får støtte frå barnehagelærarane i Torbjørnsen si undersøking. For barn som ikkje har norsk som morsmål kan bruk av teikn fungere som eit bindeledd mellom morsmål og andrespråk som kan gjer oppstarten tryggare og lettare for barna og vere ein snarveg til det nye språket (Torbjørnsen, 2020). Ved å bruke teikn til alle barna inkludera dei barna som ikkje har utvikla talespråk og dei har kompetansen på plass i heile personalgruppa når eit barn treng ekstra støtte i språkutviklinga (Torbjørnsen, 2020).

5.5 Negative erfaringar ved bruk av teikn-til-tale

Gunnhild skriv at om ho har for lite trening kan det flytte fokuset vekk frå barna. Linda seier at teikn-til-tale krev mykje av oss vaksne, men vi kan klare oss med 20-30 teikn i kvardagen. Ifølgje Matovich-Noddeland og Noddeland (2017, s. 92) må ein starte i det små for å lykkast og bruke nokre få ord konsekvent. Det er viktig å ikkje vere for ambisiøs og ein treng ikkje bruke teikn i alle situasjonar. I kapittel 4.2 får vi høyre frå Astrid som seier til vikarane sine at dei må ikkje tenke på det som vanskeleg, berre gjer det dei føler er naturleg. Vidare seier ho at mange av teikna er veldig logisk når ein begynner å tenke over, og når ein knekker den koda so ser ho at det blir veldig naturleg for vikarane å bruke teikn. Dei prøver å ikkje legge lista so veldig høgt. Det skal vere ein naturleg del, og det skal ikkje vere farleg å gjere feil.

Når ein startar med noko nytt er det er lett å gape over for mykje. For å lykkast i oppstart og bruk av teikn-til-tale er det viktig å ha med seg Gunnhild og Linda sine

refleksjonar i arbeidet. Hovudfokuset skal alltid vere barna og hugsar ein ikkje teiknet for det ein skal seie er det ikkje farleg å gjere feil.

6. Avslutning

I denne oppgåva vert denne problemstillinga undersøkt: *Kva erfaringar barnehagelærarar har med teikn-til-tale i kommunikasjon med dei yngste barna i barnehagen?* Gjennom å setje søkelyset på bruken av teikn-til-tale opp mot heile barnegruppa er det undersøkt fire erfaringar på feltet. Studien har fokusert på informantane sine tankar om korleis teikn påverkar kommunikasjonen i kvardagen og korleis bruken av teikn påverkar barna.

Barnehagelærarane i undersøkinga har ulike utgangspunkt og ulike erfaringar med å bruke teikn-til-tale. Likevel ser dei mykje av det same. Ved å bruke teikn-til-tale gjennom heile barnehagekvardagen ser dei at det er spesielt gunstig i overgangssituasjonar då beskjedar blir meir konkrete og lettare å oppfatte. I bruk av teikn-til-tale brukar dei færre ord, lågare tempo, har meir blikkontakt og tydelegare talespråk. Dette forsterkar verbalspråket og bygg ei meir heilskapleg språkutvikling for barna. Ved å trene på den gløymte verdien av kroppsspråket og bruke det til heile barnegruppa møter informantane barna sine behov før barna kan prate verbalspråket. Barna kan gjere seg forstått ved bruk av teikn tidlegare enn ved bruk av det verbale språket, som kan gi barna tidlegare moglegheiter for å uttrykke sine synspunkt og gjere seg forstått i saker dei er opptekne av gjennom eit felles kroppsspråk. Sjølv om barna ikkje brukar teikn aktivt gjennom heile dagen har barna teikna tilgjengeleg slik at dei kan fylle hola i talespråket ved behov, og gir motivasjon for å utvikle språket vidare. Ved å lære seg teikn og øve seg på å bruke kroppsspråk i kommunikasjon med dei yngste, nærmar informantane seg barna si livsverd og får eit felles språk med moglegheiter for å forstå kva barna uttrykker. Barna får meir sjølvtilit, blir meir motiverte for å utvikle språket vidare, utviklar talespråket raskare, og opplever tidleg meistring i kommunikasjon, og får tidleg god språkforståing.

Teikn-til-tale er ei god støtte i det pedagogiske arbeidet. Det tydeleggjer budskapen, forsterkar kommunikasjon og påverkar relasjonen mellom barna og dei vaksne ved at dei blir meir tilstades for kvarandre. Teikn-til-tale skaper tryggleik og mindre frustrasjon ved at barna tidleg kan uttrykke kva dei sjølv vil som kan føre til færre konflikhtar og større forståing. Ved å bruke teikn til alle barna inkludera dei barna som ikkje har utvikla talespråk og dei har kompetansen på plass i heile personalgruppa når eit barn treng ekstra støtte i språkutviklinga.

Teikn-til-tale krev mykje av oss vaksne, og for lite trening kan gjer at vi flyttar fokuset vekk frå barna. Men vi kan klare oss med 20-30 teikn i kvardagen og det er viktig å ikkje vere for ambisiøs. Ein treng ikkje bruke teikn i alle situasjonar, men gjer det som kjennes naturleg og ikkje vere redd for å gjere feil.

I innleiinga spør ein om teikn-til-tale kunne vere medverkande årsak til at barna var meir engasjerte i song. Ved å bruke teikn til songar får dei kroppslege toddlerane brukt fleire sansar og kommunisert på sin særeigne måte. Dei får anna fokus, følger meir med og får utforska korleis ein gjer ting med ord. Ein kan difor seie at teikn-til-tale var ein medverkande faktor til den store forskjellen. Ved å støtte verbalspråket med ei kommunikasjonsform som ligg nærare barna sin sosiale omgang utviklar barna tidleg meistring i kommunikasjonen og dei får tidleg god språkforståing. Teikn-til-tale kan dermed vere ei støtte i arbeidet med å «skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 48).

Det er mange barn i barnehagane i dag som har anna morsmål enn norsk og det vil vere relevant å spørje seg vidare om teikn til tale også kan vere ei støtte for desse barna.

Eg vil avslutte med eit utsegn frå ein av informantane som eg opplever er ei god oppsummering og svar på problemstillinga:

Eg tenker det er eit veldig viktig poeng kor godt det er for barna å få lov å kommunisere utan at dei har orda på plass enda. Berre det i seg sjølv tenker eg gjer det veldig viktig å bruke teikn-til-tale, i vertfall på småbarn.

7. Litteraturliste

- Andresen, G. H. (2021). *Alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK) i barnehagen: Hvordan komme i gang*. Fagbokforlaget.
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving (7.utg.)*. Gyldendal.
- Forente nasjoner. (1989). *FNs konvensjon om barnets rettigheter: Vedtatt av De Forente nasjoner 20. november 1989; Ratifisert av Norge 8. januar 1991 (Rev. oms. mars 2003 med tilleggsprotokoller)*. Barne- og familiedepartementet. https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf
- Hansen, O. H. (2019). Emosjonell relatering og mottakelse. I S. Brostöm, O. H. Hansen, A. S. Jensen & L. Svinth, *Barnet i sentrum: Pedagogikk og relasjoner for de minste i barnehagen* (s.97-133). Pedagogisk forum.
- Johansson, E. (2013). *Små barns læring: Møter mellom barn og voksne i barnehagen*. Gyldendal akademisk
- Jonassen, T. (2017). *Fører samtaler med tegn: -Mindre frustrasjon hos både barn og voksne*. Barnehage. <https://www.barnehage.no/barn-med-spesielle-behov-kommunikasjon-pedagogikk/forer-samtaler-med-tegn--mindre-frustrasjon-hos-bade-barn-og-voksne/116515>
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir. <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>
- Løkken, G. (2004). *Toddlerkultur: Om ett- og toåringers sosiale omgang i barnehagen*. Cappelen akademisk forlag.
- Løkken, G. (2005). Toddleren som kroppssubjekt. I S. Haugen, G. Løkken & M. Røthle (Red.), *Småbarnspedagogikk: Fenomenologiske og estetiske tilnærminger* (s.24-38). Cappelen akademisk forlag.
- Matovich-Noddeland, M. & Noddeland, P. (2017). *Babytegn: Åpne barnets verden*. Cappelen Damm.

- Postholm, M. B. & Jacobsen, D. I. (2011). Analyse av tekst. I M. B. Postholm & D. I. Jacobsen, *Læreren med forskerblick: Innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter* (s.101-114). Høyskoleforlaget.
- Suhr, G. I. & Rognlid, W. (2009). *Jeg vet nå at hun kan tenke!* Statped Nord: Davvi Statped. http://www.statped.no/globalassets/publikasjoner/tegn_til_tale.pdf
- Torbjørnsen, B. (2020). *Teikn-til-tale skapar tryggleik og inkludering i barnehagen*. Språkprat. <https://sprakprat.no/2020/02/14/teikn-til-tale-skapar-tryggleik-og-inkludering-i-barnehagen/>
- Vedeler, L. (2007). *Sosial mestring i barnegrupper*. Universitetsforlaget.

8. Vedlegg

Vedlegg 1: E-post presentasjon til informantar

Hei!

Eg går 3.året på barnehagelærer å Høgskulen i Volda. Eg skal skrive bacheloroppgåve om erfaringar med teikn til tale i kommunikasjon med dei yngste barna i barnehagen. Eg synes dette er eit spennande tema som eg ser veldig lite av i barnehagane. Mange eg snakkar med tenker teikn til tale kunn har verdi for høyrselshemma eller om barna har spesielle behov. Eg vil difor undersøke kva erfaringar som er på feltet, og om dykk ser nytteverdi av teikn til tale for alle barn. Oppgåva mi skal handle om dei yngste barna i barnehagen, 1-2 åringar, og eg ønsker å intervju ein pedagog som har erfaring og tankar rundt dette. Eg finn få barnehagar som brukar teikn til tale og håpar ein hos dykk kan stille til intervju. Eg tenker eit digitalt intervju på sirka 30 min. Eg ønsker å gjennomføre intervjuet i løpet av dei neste 2-3 vekene, og vil sende spørsmåla i forkant.

Eg forstår det er mykje sjukdom i barnehagane med tanke på Covid-19, og om det er problematisk med personleg intervju, kan det vere aktuelt med e-post intervju.

Mvh Anonymisert

Vedlegg 2: Informasjon og samtykkeskjema



HØGSKULEN I VOLDA

Vil du delta i bachelorprosjektet i barnehagelærerutdanninga?

Dette er eit spørsmål til deg om du vil delta i **eit bachelorprosjekt** der formålet er å finne ut *kva erfaringar barnehagelærarar har med teikn til tale i kommunikasjon med dei yngste barna i barnehagen*. I dette skrivet gir eg deg informasjon om mål for prosjektet og kva deltakinga vil ha å seie for deg. Eg er svært takksam for at du stiller opp, slik at eg kan gjennomføre utdanninga mi dette vårsemesteret som planlagd.

Formål

Formålet er å finne ut kva erfaringar barnehagelærarar har med å bruke teikn til tale for å forsterke kommunikasjon med dei yngste barna og kor mykje dette blir jobba med i barnehagane. Eg har sett lite bruk av teikn til tale i bruk og er nysgjerrig på kva erfaringar som er i barnehagefeltet på dette området. Teikn til tale er oftast retta mot enkeltbarn som spesialpedagogisk hjelpemiddel, men eg ynskjer å rette merksemda mot dei yngste barna, og kva dette kan ha å seie for kommunikasjon og språkmiljø for alle barn.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen i Volda ved høgskulelektor Elin Førde er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Fordi du er pedagogisk leiar er det interessant for meg å samle inn data frå deg for å få kunnskap om dine erfaringar med tema teikn til tale. Eg vil intervju 4 pedagogiske leiarar. Eg har valt din barnehage fordi eg har kjennskap til at de brukar teikn til tale. Nokon av dykk brukar teikn til tale meir enn andre, og de har difor ulike synspunkt og erfaringsbakgrunn. Det er med bakgrunn i desse ulike synspunkta eg har vald dykk som mine informantar. Eg ønsker å få fram ulike sider ved bruk av teikn til tale, positive så vel som negative sider, slik at eg kan drøfte ulike erfaringar og synspunkt.

Eg har fått kontaktopplysingane dine av styrar.

Kva vil det ha å seie for deg å delta?

Dersom du vel å ta del i prosjektet, inneber det at eg vil gjennomføre eit intervju gjennom nettskjemadiktafon som vil ta ca. 30 minutt, eller svare på spørsmåla via e-post intervju. Eg vil nytte ein intervjuguide som du får tilsendt på førehand slik at du har moglegheit for å møte førebudd til intervju. Informasjonen eg får vil bli anonymisert og analysert. Funna mine vil eg legge fram i ei endeleg bacheloroppgåve i slutten av mai.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gi noko årsak. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller vel å trekkje deg seinare. Alle opplysingar om deg vil bli sletta. Du kan trekkje deg ved å kontakte emne- og prosjektansvarleg Elin Førde per e-post eller per telefon (sjå nedanfor).

Personvernet ditt – korleis vi tek vare på og nyttar opplysingane dine

Eg vil berre nytte opplysingane om deg til formåla eg har gjort greie for i dette skrivet. Eg behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Namnet og kontaktopplysingane dine vil eg erstatte med ei kode som vert lagra på eigen namneliste, skilt frå det andre datamaterialet. Data vert lagra på låst datamaskin. I tillegg til meg sjølv er det berre ansvarleg for prosjektet ved Høgskulen i Volda, høgskulelektor Elin Førde, som vil ha tilgang til datamaterialet. I mitt prosjekt er du registrert berre ved stemme. Opptak vert sletta når data er transkribert, og det transkriberte datamaterialet vert sletta ved prosjektslutt 20. juni 2022.

Rettane dine

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysingar om deg,
- få sletta personopplysingar om deg,
- få utlevert ein kopi av personopplysingane dine, og
- å sende klage til Personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine

Dersom du ønskjer å få innsyn, sletta eller retta personopplysninga i datamaterialet, kan du ta kontakt med emne- og prosjektansvarleg Elin Førde per e-post eller telefon.

Kva skjer med opplysingane dine når eg/vi avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal avsluttast innan 20. juni 2022. Alle personopplysingar og datamateriale vil bli sletta når prosjektet er avslutta.

På oppdrag frå Høgskulen i Volda har NSD (Norsk senter for forskningsdata AS) vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til bachelorprosjektet, eller ønskjer å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Anonymisert (rettleiar)
- Elin Førde (emneansvarleg og prosjektansvarleg) 70075004 elin.forde@hivolda.no
- Høgskulen i Volda ved personvernombod: Cecilie Røeggen, 70075073
personvernombod@hivolda.no
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost (personvertjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Student
Anonymisert

Prosjektansvarleg
Høgskulelektor Elin Førde

Samtykkeerklæring

Samtykket skal gjerast skriftleg.

Eg har mottatt og forstått informasjonen om bachelorprosjektet om teikn til tale, og eg har fått høve til å stille spørsmål om prosjektet. Eg gir samtykke til:

- å delta i intervju

Eg gir samtykke til at mine opplysingar vert behandla fram til prosjektet er avslutta, 20. juni 2022.

(Signert av informant, dato)

NB! Det er viktig at du som informant signerer på begge arka.

Vedlegg 3: Intervjuguide

Intervjuguide

«Kva erfaringar har barnehagelærarar med teikn til tale i kommunikasjon med dei yngste barna i barnehagen?»

Takk for at du stiller til intervju og gjer det mogleg for meg gjennomføre utdanninga mi. Eg synes tematikken er svært interessant og gler meg til intervjuet. Fokuset mitt er dei yngste barna, 1-2 åringane, og gjennom intervjuet ønsker eg å høyre dine erfaringar i bruken av teikn til tale for heile barnegruppa. Eg ønsker både positive og negative sider i svara for å fram ulike meiningar.

Spørsmål:

1. Kva erfaring har du med teikn til tale generelt? Har du kurs/opplæring?
2. Kva erfaring har du med teikn til tale i samband med dei yngste barna?
3. I kva situasjonar kommuniserer du med teikn til tale i kvardagen i barnehagen?
4. I kva situasjonar kommuniserer barna med teikn til tale i kvardagen?
5. Korleis kommuniserer du med teikn til tale i kvardagen?
6. Kor gamle er barna når du introduserer teikn til tale?

7. Kor gamle er barna når dei byrjar å bruke teikn til tale sjølv?

8. Korleis kommuniserer barna med teikn til tale i kvardagen?

9. Korleis tenker du teikn til tale påverkar kommunikasjonen mellom deg og barna?
 - Positivt

 - Negativt

10. Korleis tenker du bruken av teikn til tale påverkar dei yngste barna i barnehagen?
 - Positivt

 - Negativt

Vedlegg 4: Analyseskjema

	Informant 1.	Informant 2.	Informant 3.	Informant 4
Erfaringar med teikn til tale				
Erfaringar med teikn mot dei yngste				
Situasjonar brukar teikn				
Korleis kommuniserer du				
Kva situasjonar brukar barna teikn				
Kor gamle er barna når du introdusera teikn				
Kor gamle er barna når dei brukar teikn sjølv				
Korleis kommunerer barna med teikn				
Korleis påverkar det kommunikasjonen mellom				

deg og barna				
Positivt med å bruke teikn				
Negativt med å bruke teikn				